



Arkivnr: 2016/1940-21

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Forslag til prosjektplan

#### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 133/16 Bestilling av forvaltningsrevisjon i møte 17.11.16:**

«Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte gjennomfører forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2».

Etter dette vart slikt vedtak samråystes vedteke.

#### Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2».
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensinger og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 5.12.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.»

#### Drøfting:

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2». Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

#### Av den føreslalte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisionen er å kartlegge omfanget av forretningsdrift i dei vidaregåande skulane i Hordaland, undersøke om forretningsdrifta er innanfor regelverket og om fylkeskommunen har tilfredsstillande system og rutinar for forretningsdrift ved skulane.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

- 1. Kva er omfanget av dei vidaregåande skulane i Hordaland si forretningsdrift?**
  - a) Kor mange skular har forretningsdrift?
  - b) Kva varar og tenester blir omsett ved skulane?
  - c) Kor mykje omsette skulane for i rekneskapsåret 2015?
  - d) Korleis er forretningsdrifta organisert ved skulane?
  
- 2. I kva grad er forretningsdrifta ved vidaregåande skular i samsvar med regelverk, nasjonale føringer og Fylkeskommunen sine retningslinjer?**
  - a) I kva grad er forretningsdrifta ved skulane føremålstenleg organisert med tanke på å sikre betryggande kontroll?
  - b) I kva grad er det etablert tilstrekkeleg med sentrale og lokale system og rutinar for forretningsdrifta ved dei vidaregåande skulane?
    - i. Er det etablert retningslinjer og rutinar for forretningsdrift ved skulane?
    - ii. Er det etablert tiltak for å sikre økonomisk internkontroll slik som rutinar for budsjettering, ordremottak, dokumentasjon, fakturering, bokføring, avgiftsplikt m.v?
    - iii. Er det etablert rutinar for handtering av overskot/underskot av forretningsdrifta?
    - iv. Har skulane etablert eit rekneskapsmessig skille mellom skuledrift og forretningsdrift? Er det etablert retningslinjer for å hindre kryss-subsidiering?
    - v. Kva prinsipp blir lagt til grunn for prising av varer og tenester, og kva omsyn blir tatt knytt til konkurranse med lokalt næringsliv?

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, spørjeundersøking, case frå fem utvalde skular, intervju og verifisering og høyring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 12 intervju med personar i fylkesadministrasjonen og ved 5 utvalde skular som er involvert i forretningsdrift ved skulane.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslalte prosjektplanen, og erfaringar frå Forvaltningsrevisjonsprosjekt frå tidlegare, meiner sekretariatet at det føreslalte timetalet som Deloitte vil nytte i dette prosjektet, verkar i høgaste laget.

I samband med at Deloitte sender revisjonsrapporten på høyring til fylkesrådmannen kan det vera ein ide å utfordre fylkesrådmannen på å komme med forslag til korleis tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast. Dette vil kunne medverke til at administrasjonen vil få eit betre eigarskap til tiltaka som evnt. skal utbetraast og følgjast opp.

#### Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringer som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette.

Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet går i dialog med Deloitte med tanke på å redusere timetalet.

Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at Deloitte, når dei sender revisjonsrapporten på høyring, at dei utfordrer fylkesrådmannen på å komme med forslag til korleis tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2» frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 9.1.2017.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil ..... timer, inkludert opsjon for eventuell presentasjon i Fylkestinget med inntil 6 timer.

5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 04.09.17, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Prosjektplan - forvaltningsrevisjon av forretningsdrift